

**Månad:** februar 2022

**AKTIVITET**

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 423	1 565	-142	1 574	-151	3 009	3 252	-243	3 481	-472
Tal utskrivne pasientar	79	80	-1	78	1	169	171	-2	159	10
Polikliniske kons. m/refusjon	2 014	2 509	-495	1 810	204	4 161	5 062	-901	3 665	496
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	435	576	-141	618	-183	882	1 160	-278	1 267	-385
Tal utskrivne pasientar	9	19	-10	16	-7	26	41	-15	33	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	211	286	-75	195	16	436	622	-186	410	26
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	162	123	39	93	69	304	225	79	200	104
Tal utskrivne pasientar UPH	13	7	6	9	4	23	14	9	15	8
Polikliniske kons. m/refusjon	1 595	1 685	-90	1 573	22	3 361	3 624	-263	3 037	324

**Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)**

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore høgare enn førre året, men ikkje så høg som plan i perioden. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten vore under plan i perioden. Tal døgnopphald er vesentleg lågare enn førre året, medan poliklinisk aktivitet er litt høgare enn i fjor.

**Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)**

Aktiviteten i perioden har vore høgare enn førre året for dei fleste poliklinikkane, men det er utfordrande å nå budsjettmålet samla sett. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å og følgje opp med tilgjengelege ressursar. Også ved ungdomsposten for psykiske helsevern (UPH) har aktiviteten vore høg i perioden.

**Beleggsprosent døgnsesjonar**
**Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, 2022, klokka 7**

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Akutt Døgn, Psyk.Førde	71 %	67 %	-4 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS Allmenn Førde	79 %	82 %	3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS psykose Førde	87 %	88 %	1 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	ISP Døgn	65 %	60 %	-5 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Lokal tryggleikspost Førde	96 %	97 %	1 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Døgn	78 %	87 %	9 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Rus	55 %	65 %	10 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ruspost Tronvik	75 %	63 %	-12 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ungdomspost for psyk.helsevern	68 %	65 %	-3 %	0
<b>Totalt</b>			<b>73 %</b>	<b>73 %</b>	<b>-0 %</b>	<b>0</b>

## ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☒ Pasientrelatert inntekt	4 193	4 506	-313	8 433	9 494	-1 061
☒ Basistilskudd	38 551	38 293	259	76 393	75 848	545
☒ Andre inntekter	353	381	-28	824	763	61
☒ Sum Driftsinntekter	43 098	43 180	-83	85 650	86 105	-455
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-1 617	-1 231	-386	-2 813	-2 463	-350
☒ Lønn- og personalkostnader	-38 507	-38 067	-440	-76 310	-75 845	-465
☒ Øvrige kostnader	-3 933	-3 883	-50	-7 990	-7 797	-193
☒ Sum Driftskostnad	-44 056	-43 180	-876	-87 112	-86 105	-1 008
☒ Driftsresultat	-959	0	-959	-1 462	0	-1 462
☒ Totalresultat	-959	0	-959	-1 462	0	-1 462

### Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,1 mill. lågare enn budsjett. Vi har avvik på ISF-inntekter som skuldast lågare aktivitet enn plan, men også at omlegging av refusjonssystemet gir oss mindre betalt for aktiviteten enn tidlegare år. Særleg gjev dette utslag for PBU. Det er tilført prosjektmidlar for å styrke bemanning innan PBU for å ta ned ventetidene.

Personalkostnadene er 0,5 mill. høgare enn budsjett i perioden, medan reisekostnader er 0,1 mill. lågare enn budsjett. Vi har utfordring med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 1,4 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå.

Sum driftskostnader i perioden er 0,9 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 1,0 mill. lågare enn budsjett.

### Til no i år:


Bokførte inntekter er 0,5 mill. lågare enn budsjett.

Totale driftskostnader er 1,0 mill. høgare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har samla sett vore 0,2 mill. høgare enn budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 0,6 mill. høgare enn budsjettet, og reisekostnader er 0,15 mill. lågare enn budsjett.

Resultatet hittil i år er 1,4 mill. svakare enn budsjett.


# MEDARBEIDARAR

## Månadsverk:



Gjennomsnittlig tal brutto månadsverk siste tolv måneder er 471. For eitt år sidan var dette talet 441. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingspost i Førde.


## Sjuefråvær:




Sjuefråværet var 7,6 prosent i januar mot 9,5 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjuefråværet siste tolv måneder var 7,2 prosent. For eitt år sidan var talet 8,5 prosent.

## KVALITET Epikrise



I januar var 89 prosent av epikrisene innan PHV sende innan sju dagar, og 40 prosent var sende innan ein dag.




I januar var 100 prosent av epikrisene innan TSB sende innan 7 dagar, og 71 prosent var sende innan ein dag.

### Korridorpatientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i februar 2021.


### Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 272 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 29 dagar.

I same periode i 2021 var det 251 pasientar som venta på behandling med gjennomsnittleg ventetid på 22 dagar.

## Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 146 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 41 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2021 var det 176 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 35 dagar før dei fekk starta behandling.

## Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	4
Indre Sogn Psykiatrisenter	0
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Det har vore fire fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge i februar 2022. Desse hadde frist for start helsehjelp medio februar. Pasientane får tilbod hos innleigd psykologressurs i mars, og pasient/pårørande er informert.